

Språkløyper

- For å støtte opp under det viktige arbeidet dei tilsette i barnehagar og skolar gjer for å møte utfordringar ifht språk, lesing og skriving, har Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (**Lesesenteret**) og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (**Skrivesenteret**) utvikla nettstaden sprakloyper.no. Nettstaden er ein del av strategien Språkløyper – Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving 2016–2019.
- For fyrste gong vert det satsa systematisk på kompetanseutvikling i barnehage og på alle trinn i grunnskule og vidaregåande skule i samme strategi.
- Hyllestad, Fjaler og Gulen er utvalde språkkommunar, og har etablert eit samarbeid på tvers av kommunane.
- Vi skal og ha samarbeid med Dale Vidaregåande og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Språkløyper

Strategien har som mål at alle barn og elevar sine språk-, lese- og skriveferdigheiter blir styrka. God språk-, lese- og skriveopplæring for alle er ei gjennomgåande målsetting. I barnehagen arbeider vi for at alle barn skal ha best moglege utviklingsmoglegheiter for å få ein god start på skulen.

Kva seier så statistikken?

16 prosent av norske 15-åringar ligg på eit lesenivå som er under "kritisk grense".

Gutane skårar lågare enn jentene i lesing.

Elevar med innvandrarbakgrunn skårar lågare i lesing enn elevar med norsk bakgrunn.

Barn og elevar som strevar med språk, lesing og skriving blir ikkje alltid oppdaga tidleg nok.

Høgt presterande elevar får ikkje alltid nok utfordringar og støtte.

Språkløyper

- **Korleis jobbar vi med språk i barnehagen vår?**
 - i det daglege – i samtale, samspel, stell, leik, måltid, aktivitet – heile tida! Dei vaksne og dei andre barna er modellar for barna/kvarandre
 - i organiserte aktivitetar – spel, puslespel, leik, uteleik
 - i frileik – barna imellom – viser, fortel, avtaler, kompromissar, konfliktløsning, rolletaking
 - samlingsstund
 - konkretar og bilete
 - musikk – song, rim og regler
 - bøker –lesing – lesegrupper

Språkløyper

- **I Hyllestad har vi vald å ha 4 innsatsområder:**
- Arbeide systematisk med språk, kommunikasjon, lese- og skriveopplæring i heile grunnopplæringa.(frå barnehage til vidaregåande)
- Overgangane (barnehage/skule - grunnskule/vidaregåande)
- Språkarbeid for minoritetsspråklege
- Kollegabasert kompetanseutvikling (lærande organisasjon)
- **Ut frå dette har vi laga oss ein tiltaksplan som vi er forplikta til å gjennomføre fram mot 2019.**

Beste praksis

FOKUS:

Språkstimulering gjennom lesegrupper

STANDARD M.
INDIKATORER:

Det er god kvalitet i arbeid med språkstimulering i lesegrupper når:

• Voksne syner leseglede og lar barna kome med innspel

• Voksne syter for eit mangfald av gode bøker, tilpassa alder, morsmål og språknivå

• Voksne skaper tid og rom for gode lesestunder og samtaler rundt boka

 Hyllestad kommune



-rom for eventyr!

Språkløyper

- **Kvifor skal vi lese for barna?**
 - Lesing stimulerer språkutviklinga og utviklar ordforrådet
 - Barn lagar sine egne bilete i hovudet – stimulerer fantasien
 - Barn tar det vi les med inn i leiken
 - Å lese bør vere like naturleg som å leike med lego..
 - Å oppdage at bøker byr på ei verd der du kan søke informasjon, fakta, spenning – å utvikle leseglede!
 - Å lese ilag er kvalitetstid
 - Gjentakning = trygghet – kjedeleg for vaksne, men veldig viktig for barna!
 - Å «bade» barna i språk er nesten like viktig som å gi mat, stell og søvn!